



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet i Vaksdal kommune
Møtestad:	Kommunestyresalen, Heradshuset
Dato:	29.10.2020
Tid:	15:00 - 17:15

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Vegar Sellevold	Leiar	AP
Anne Cristin Eide	Nestleiar	AP
Bjart Magnus Rosvold	Medlem	KRF
Anneli Vatle Lilletvedt	Medlem	H
Odd Jøran Oldervik	Medlem	SV

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Andre som møtte:

Namn	Stilling
Hege Eide Vik	Ordførar (sak PS 30/20 og PS 33//20)
Atle Fasteland	Rådmann (sak PS 30/20)
Ingrid Kalsnes	Forvaltningsrevisor Deloitte (heile møte utanom sak PS 33/20)
Einar Kåre Ulla	Seniorrådgjevar VLFK

Vegar Sellevold
utvalsleiar

Einar Kåre Ulla
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
Godkjenningssaker			
GK 9/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 10/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 09.09.2020	2019/142	
Politiske saker			
PS 30/20	Plan for forvaltningsrevisjon Vaksdal kommune 2020 - 2024 - Innstilling	2019/62	
PS 31/20	Plan for eigarskapskontroll 2020 - 2024 for Vaksdal kommune - Innstilling	2019/63	
PS 32/20	Gjennomgang av møteprotokollar 29.10.2020	2019/90	
PS 33/20	Ekstern revisor, ny konkurranse - forslag til konkurransegrunnlag	2020/166	
PS 34/20	Eventuelt	2020/88	
Referatsaker			
RS 13/20	20/8817 Melding om vedtak frå kommunestyret - Ekstern revisor ny konkurranse - Fullmakt til kontrollutvalet	2020/166	
RS 14/20	Svar på oppfølgingsspørsmål vedrørende tolkningen av kommuneloven § 23-5	2020/173	
RS 15/20	FKT - medlemsinformasjon september 2020	2020/173	

Godkjenningssaker

9/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 29.10.2020 - Kontrollutvalet i Vaksdal kommune

Handsaming i møte

Møteinnkalling vart sendt ut 22.10.20 via e-post. Innkallinga er også lagt ut på kommunen si heimeside. Det kom ikkje merknader til innkalling eller sakliste

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

10/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 09.09.2020

Forslag til vedtak

1. Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 09.09.2020 vert samrøystes godkjent

Saksprotokoll 29.10.2020 - Kontrollutvalet i Vaksdal kommune

Handsaming i møte

Det kom ingen merknadar til møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 09.09.2020.

Vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 09.09.2020 vart samrøystes godkjent.

Politiske saker

PS 30/20 Plan for forvaltningsrevisjon Vaksdal kommune 2020 - 2024 - Innstilling

Forslag til innstilling

1. Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 for Vaksdal kommune vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.
3. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definere og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
4. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjere denne evalueringa.
5. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisjonar til kommunestyret etter kvart.

Saksprotokoll 29.10.2020 - Kontrollutvalet i Vaksdal kommune

Handsaming i møte

Deloitte har utarbeidd forslag til plan for forvaltningsrevisjon, som vart presentert i møtet. Kontrollutvalet diskuterte innhaldet i planen og kom fram til at framlagd plan er eit godt reiskap for å kunne gjennomføre gode forvaltningsrevisjonar i relevante tema for kommunen.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 for Vaksdal kommune vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.
3. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definere og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
4. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjere denne evalueringa.
5. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisjonar til kommunestyret etter kvart.

PS 31/20 Plan for eigarskapskontroll 2020 - 2024 for Vaksdal kommune - Innstilling

Forslag til innstilling

1. Forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024 for Vaksdal kommune vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.
3. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definere og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
4. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjere denne evalueringa.
5. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av eigarskapskontrollar til kommunestyret.

Saksprotokoll 29.10.2020 - Kontrollutvalet i Vaksdal kommune

Handsaming i møte

Kontrollutvalet gjennomførde habilitetsvurdering av Anneli Vatle Lilletvedt då ho har to aksjar i Modalen og Eksingedalen Billag AS. Utvalet vedtok samrøystes at Lilletvedt var habil i å behandle plan for eigarskapskontroll.

Deloitte har utarbeidd forslag til plan for eigarskapskontroll, som vart presentert i møtet. Kontrollutvalet diskuterte innhaldet i planen og kom fram til at framlagd plan er eit godt reiskap for å kunne gjennomføre gode eigarskapskontrollar for kommunen dei næraste åra.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024 for Vaksdal kommune vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.
3. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
4. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
5. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av eigarskapskontrollar til kommunestyret.

PS 32/20 Gjennomgang av møteprotokollar 29.10.2020

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll 29.10.2020 - Kontrollutvalet i Vaksdal kommune

Handsaming i møte

Vedtaket i saka vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.
2. Kontrollutvalet vil invitere leiar i bygdeutviklingsutvalet til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om bygdeutviklingsutvalet sitt mandat og arbeid.

PS 33/20 Ekstern revisor, ny konkurranse - forslag til konkurransegrunnlag

Forslag til vedtak

1. Framlegg til konkurransegrunnlag, med dei endringar som kom fram i møtet, vert vedteke
2. Sekretariatet får fullmakt til å gjera naudsynte redaksjonelle og strukturelle endringar i konkurransegrunnlaget før det vert sendt ut.

Saksprotokoll 29.10.2020 - Kontrollutvalet i Vaksdal kommune

Handsaming i møte

Revisor var ikkje til stades ved behandling av denne saka.

Møtet vart lukka med heimel i kommunelova § 11-5, 2. ledd, 2. punktum, jf. Ofl. § 13 og Fvl. § 13.

Kontrollutvalet hadde gjennomgang av konkurransegrunnlaget i møtet. Sekretariatet orienterte kort om konkurransegrunnlaget for kontrollutvalet og svarte på spørsmål.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

1. Framlegg til konkurransegrunnlag vert vedteke som framlagd.
2. Sekretariatet får fullmakt til å gjera naudsynte redaksjonelle og strukturelle endringar i konkurransegrunnlaget før det vert sendt ut.

PS 34/20 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 29.10.2020 - Kontrollutvalet i Vaksdal kommune

Handsaming i møte

Det var ingen saker under eventuelt.

Vedtak

Det vart ikkje gjort vedtak.

Referatsaker

RS 13/20 20/8817 MELDING OM VEDTAK FRÅ KOMMUNESTYRET - EKSTERN REVISOR NY KONKURRANSE - FULLMAKT TIL KONTROLLUTVALET

Saksprotokoll 29.10.2020 - Kontrollutvalet i Vaksdal kommune

Handsaming i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 14/20 Svar på oppfølgingsspørsmål vedrørende tolkningen av kommuneloven § 23-5

Saksprotokoll 29.10.2020 - Kontrollutvalet i Vaksdal kommune

Handsaming i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 15/20 FKT - medlemsinformasjon september 2020

Saksprotokoll 29.10.2020 - Kontrollutvalet i Vaksdal kommune

Handsaming i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.